

# Særvilkår kraftavtale med 12 mnd binding

Rev: 13.12.2022.



## 1. Generelt

Desse vilkåra kjem i tillegg til [standard avtalevilkår](#) og gjeld for kjøp og levering av kraft med 12 mnd binding mellom Finnås Kraftlag AS («seljar») og kjøpar av produktet («næringskunden»).

## 2. Bestilling og levering

### Bestilling og avtale

Når kunde har gjennomført bestilling og fått stadfesta avtalen, oppstår det ein juridisk bindande avtale. Bestilling kan skje via Finnås Kraftlag si nettside, e-post, over telefon eller ved å akseptere eit skriftleg tilbod frå seljar.

### Atterhald om kredittvurdering

Finnås Kraftlag har rett til å foreta kredittvurdering av kundar og kan avslå/kansellere leveranse i tilfelle der kunde ikkje er vurdert kredittverdig.

### Levering

Produktet skal leverast på avtalt målepunkt og etter kunden sitt forbruk. Ved manglande betaling kan seljar seie opp avtalen etter skriftleg oppfordring om betaling og 14 dagars frist for betaling. Ved leverandørbyte kan det ta opp til ei veke før leveransen er aktiv. Om kunde har bindingstid hos eksisterande leverandør, kan det påkomme gebyr ved oppseiing av dagens avtale. Dette er i så fall kunden sitt ansvar.

### Angrefrist

Næringsaktørar har ikkje angrefrist etter angrefristlova.

## 3. Pris og Betalingsvilkår

### Pris

Pris og vilkår på kraftavtalen er som følgjande:

Nordpool spot NO2 + 4 øre/kWh + mva. Kostnad for elsertifikat er inkludert i påslag.

Påslaget kan endrast med tre månadars varsel.

Fakturering månadleg på etterskot med minimum 14 dagars betalingsfrist. Rente ved forseinka betaling etter «forsinkelsesloven», og inkasso etter «inkassoloven».

### Binding

Kunden bind seg til å kjøpe kraft frå Finnås Kraftlag AS i 12 månadar etter avtaleinngåing. Om kunden vel å gå over til andre kraftprodukt hos Finnås kraftlag AS vil perioden med

binding bli overført til nytt kraftprodukt. Om det nye produktet har lenger bindingstid, vil den lengste bindingstida gjelde.

### **Gebyr ved brot på binding**

Om kunde vel å gå frå avtalen i avtaleperioden, vil Finnås krevje eit gebyr for brot på avtale. Gebyret er i utgangspunktet likt beløpet på tilbakebetaling gitt av Finnås Kraftlag AS. Gebyret vil bli redusert med 1/12 pr. heile månad kunden har vore aktiv kunde hos Finnås Kraftlag AS. Eksempel: Om kunde har fått 120. 000 i tilbakebetaling og vel å bryte avtale etter 6 månadar, vil kunde måtte betale kr. 60.000,- i gebyr for brot på avtale. Gebyret er her redusert med 6/12 då kunden har vore kunde i 6 månadar etter inngåing av avtale.